

Dette er eit **utmarksbeite**



Her beitar dyr i sommarhalvåret. Beiting gir eit fint og ope landskap, og mange av plantene som veks her er avhengig av beiting.

Areal som er rike på gras og urter er dei beste utmarksbeitene. Beiting er viktig for naturmangfaldet, og bevarer grasarter, urter, sopp og insekt som ikkje finst i andre økosystem. På ei eng kan det leve omlag 600–700 ulike artar.

Kvar sommar slepper om lag 2 millionar sau, 250 000 storfe og 50 000 geiter ut på beite i i Noreg. Storfe og småfe som beitar i utmarka et fôr til ein verdi av om lag 1 milliard kroner kvart år.

Beitande dyr gir eit ope og variert kulturlandskap, ein verdi som ein ikkje kan omsetje i pengar.